



DC Eikefet Aggregates AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15165 - 20/73140

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden (parsell 2) - gbnr 220/2 og 220/9 Store Urdal

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 220/2
Tiltakshavar: DC Eikefet Aggregates AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om arealoverføring av ein parsell frå gbnr 220/2 til gbnr 220/9 den 07.09.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet Urdal steinbrot og deponi, planid 1 263-201107, er avsett til naturføremål av LNF(LNA).

Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 –2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ser at tiltaket krev dispensasjon frå både arealføremålet naturføremål og byggegrensa langs vassdrag slik ho går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for forhold som tilseier at arealoverføringa kan gå til uendra bruk og det er heller ikkje drift på nokon av gardsbruka. Byggegrensa langs Urdalselva er 20 meter, jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen.

Arealoverføringa krev behandling etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga i eiga oversending.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

DC Eikefet Aggregates AS

Eikemovegen 3

5994

VIKANES